# Innst. S. nr. 185.

(1998-99)

## Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om forslag fra stortingsrepresentant Steinar Bastesen om fjerning av oter fra listen over truede arter i Norge.

Dokument nr. 8:21 (1998-99).

Til Stortinget.

### Samandrag

Forslagsstillaren syner i dokumentet til at mange artar i dag er plasserte på lista over truga artar, mellom anna oter. Det er heilt klårt at oter ikkje er ein truga art i Noreg lenger. Arten har vore freda i om lag 30 år og mengda av han synes no å vera igjen på det opprinnelege nivået, eller det berekraftige nivået, det vil seia så stor som mogleg i høve til tilgongen på mat.

Det vert sett fram følgjande framlegg:

"Stortinget ber Regjeringen fjerne oter fra listen over truede dyr i Norge. Samtidig må det iverksettes et skikkelig bestandsregistreringsarbeid i samarbeid med kystbefolkningen."

### Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Aud Blattmann, Gard Folkvord, Gunn Karin Gjul, Bent Hegna, Torny Pedersen og leiaren Jens Stoltenberg, frå Framstegspartiet, Øyvind Korsberg og Øyvind Vaksdal, frå Kristeleg Folkeparti, Bror Yngve Rahm og Lars Rise, frå Høgre, Jan Johnsen og Jan Tore Sanner, frå Senterpartiet, John Dale, frå Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, og frå Venstre, Gunnar Kvassheim, syner til vedlagt brev av 11. mars 1999 frå Miljøverndepartementet, der det mellom anna blir peika på at oteren framleis er fråverande eller sterkt desimert i delar av landet. Dette talar for at oteren bør vera registrert på lista over truga artar. Til grunn for ei slik vurdering ligg naturfaglege vurderingar og internasjonalt fastsette kriterium. Komiteen er merksam på at oteren i visse tilfelle kan gjera skade, men meiner, i tråd med det synet Direktoratet for naturforvaltning har, at det ekisterande høvet til å fella skadedyr er tilstrekkeleg for å bøta av for skadeomfang og konfliktar.

### Tilråding frå komiteen

Komiteen har elles ingen merknader, syner til dokumentet og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

Dokument nr. 8:21 (1998-99) - forslag fra stortingsrepresentant Steinar Bastesen om fjerning av oter fra listen over truede arter i Norge - vert å leggje ved protokollen.

Oslo, i energi- og miljøkomiteen, den 19. mai 1999.

| **Jens Stoltenberg,** | **John Dale,** | **Aud Blattmann,** |
|---|---|---|
| leiar. | ordførar. | sekretær. |

**Vedlegg**

**Brev frå Miljøverndepartementet v/statsråden til energi- og miljøkomiteen, datert 11. mars 1999.**

Det vises til energi- og miljøkomiteens brev av 28.1.99, der komiteen oversender til departementet for utredning og uttalelse Dok. 8:21 (1998-99) Forslag fra stortingsrepresentant Steinar Bastesen om fjerning av oter fra listen over truede arter i Norge.

Stortingsrepresentant Steinar Bastesen har fremmet følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen fjerne oter fra listen over truede dyr i Norge. Samtidig må det iverksettes et skikkelig bestandsregistreringsarbeid i samarbeid med kystbefolkningen."

Innledningsvis vil jeg peke på at oversikter over truede arter i Norge blir utarbeidet av Direktoratet for naturforvaltning (DN) som sentralt fagorgan. Oversiktene blir presentert i en såkalt rødliste. Kategorisering av arter i rødlisten skjer kun på grunnlag av naturfaglige vurderinger og internasjonalt fastsatte kriterier. Jeg vil også presisere at ved forvaltningen av oter og andre viltarter, legger miljøvernmyndighetene både sentralt og på fylkesnivå vekt på det kunnskapsgrunnlag som til enhver tid foreligger om artene.

Dok. 8:21 (1998-99) har vært forelagt Direktoratet for naturforvaltning for utredning og vurdering. Kopi av direktoratets brev av 17.2.99 følger vedlagt. Jeg viser til direktoratets redegjørelse om den norske rødlisten og kategorisering av oter i den forbindelse. Direktoratets vurdering er at oter fortsatt forsvarer en plass på rødlisten fordi arten ennå er borte eller sterkt desimert i deler av landet.

Jeg viser videre til direktoratets omtale av forvaltning og bestandsregistrering og slutter meg til direktoratets vurderinger. Direktoratet mener bl.a. at den praksis som er etablert med hensyn til adgang til å felle skadegjørende individer av oter, pr i dag er tilstrekkelig for å avbøte eksisterende skadeomfang og konflikter. DN peker samtidig på at denne formen for kontrollert felling også er mest målrettet og i tråd med internasjonale intensjoner for bevaring av arten. Jeg viser for øvrig til mitt svar på et spørsmål om forvaltning av oter i Stortingets spørretime 28.10.98. Det ble spurt om jeg ville vurdere å innføre kvotejakt på oter i Troms og Nordland. Oppsummert var mitt svar at jeg vil holde fast ved praksisen med at det gis lokale fellingstillatelser og ellers holde saken under oppsyn med sikte på å vurdere ytterligere tiltak dersom utviklingen tilsier dette.

Jeg anbefaler at forslaget fra stortingsrepresentant Steinar Bastesen om å be Regjeringen fjerne oter fra listen over truede dyr i Norge, ikke blir tatt til følge. Jeg mener også at bestandsregistrering av oter allerede er tilfredsstillende ivaretatt.